

## VEDLEGG 1

### KOMMENTAR INNTEKTER/UTGIFTER

Medlemskontingent: Vart først inn i 2015 for 2014.

Kommunale tilskot: Kasserar i 2013 har ikkje levert inn godkjend rekneskap

Husleige: Skulekorpset får øva gratis på Hordabø skule.

### Målsetjing og handlingsplan for HSML 2015/2016

#### MÅLSETJING

Skulemusikklaget heldt på mista all rekruttering for nokre år sidan, og det såg mørkt ut for 17. mai toga i desse krinsane. Etter ein skikkeleg dugnadsinnsats av mange i begge krinsane er HSML no blitt eit vitalt generasjonskorps der både foreldre til aspirantar og musikantar er med. Fundamentet for korpset er sann speglede og godt samspel. **Målsetjinga vår no er at me skal bli eit skulekorps våren 2016 og delta på NM i Stavanger dette året. Me ønskjer endå fleire aspirantar og musikantar i grunnskulealder og vidaregåande. Korpset skal leggja til rette for musikalsk utvikling og trivsel for alle både på øvingar og i andre sosiale samanhengar.**

#### HANDLINGSPLAN 2015

##### Rekruttering:

- Korpset har ein fast dirigent/musikalsk ansvarleg tilsett i Radøy Musikk- og Kulturskule.
- Korpset sponsar sommarkurset på Manger Folkehøgskule (ei veke) for skulekorpsmusikantane for å motivera, auka speglede, utvikla kompetansen og gje musikantane ein breiare musikalsk arena og nye vener og nettverk.
- Promotering på Austebygd og Hordabø skule: Musikantar på skulane spelar og opptrer på tilskipingar i skuletida. Me presenterer også skulekorpset på foreldremøta i krinsane.
- Korpset dekkjer halvparten av aspirantkurset i regi av Radøy Musikk- og Kulturskule.
- Korpset kjøper
- Dirigenten øver også 30 min kvar veke med førsteårsmusikantane i korpset for å motivera og inspirera dei i førekant av påfølgjande fellesøving. Såleis vert dei også godt kjende med dirigenten og får tett, musikalsk oppfølging og overgangen til korpset vert tryggare. Denne forma for inkludering gjer at me i mykje større grad greier å halda på musikantane våre.

## **Musikalsk:**

- I vår og i sommar skal me ha ABBA-show som er eit svært viktig tiltak for å gje speleglede til musikantar og bygdefolk. Prosjektet har som mål å inspirera dei som allereie spelar, men også til å rekruttera nye musikantar. Me har også involvert yngre og eldre bygdefolk som songarar og bandmedlemmer. Me skal spela to konsertar i Hordabøhallen, ein på Risnesdagane og ein på Bøvågen Familiefestival.
- Til hausten skal me ha ein ny konsert på Skogen Sletta med band og vokal av same art som ABBA-showet.
- Me skal delta som generasjonskorps på konkurransar i 2015: Hordablæsten, Mangerfestivalen/Sotrafestivalen. Neste år er målet å delta på NM i Stavanger som skulekorps.
- Aspirantane får delta gratis på seminar på Hordablæsten, Mangerfestivalen/Sotrafestivalen
- Spela på 17. mai i begge skulekrinsane og i kyrkja.
- Delta på Julekonserten og Julegudstenesta i Hordabø kyrkje
- Basar/huskonsertar gjennom året
- I forkant av konkurransar og show, konsertar er det øvingshelg.

## **Sosialt:**

- Helgetur til Kongeparken og Sandes etter skuleslutt. Konsert i Kongeparken og mange sosiale aktivitetar for store og små. Aspirantar var også med og dei fekk også spela.
- Pizza ein gong i månaden på øving. Elles frukt eller liknande og drikke.
- Musikantar som øver i tråd med øvingsloggen, får gratis kinobillett. Alle kan sjølvstøtt vera med på kino.
- Etter øving på den eine øvingshelga i haust skal det vera kino og quiz om laurdagskvelden for aspirantane og musikantane.
- I samband med konkurransar og turar planlegg me felles måltid og sosiale aktivitetar, til dømes bowling.
- Sosialt samvær for foreldra og dei eldre musikantane.
- Foreldre er også vakt på kvar øving og mellom anna lagar til pausemat.
- Unge og vaksne som arbeider dugnad.

På vegner av styret Bergfrid Tjore og Mona Steiner Brekkan